



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

# Prop. 25 S

(2017–2018)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringar i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet m.m.

*Tilråding frå Landbruks- og matdepartementet 24. november 2017,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Solberg)*

### 1 Innleiing

Landbruks- og matdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingar mv. under enkelte kapittel og postar i statsbudsjettet for 2017.

### 2 Endringsforslag

#### Kap. 4100 Landbruks- og matdepartementet

##### *Post 01 Refusjonar m.m.*

På posten blir refusjonar og andre tilfeldige inntekter til departementet førte. Inntektene har vore lågare enn budsjettet, og departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 90 000 kroner.

#### Kap. 1115 Mattilsynet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Mattilsynet prioriterer arbeidet mot sjukdommen Chronic Wasting Disease (CWD) høgt. Det blir arbeidd for å fjerne smittestoffet som i dag er funne i Noreg, som det einaste landet i Europa. Det er behov for 10,5 mill. kroner for å dekkje Mattilsynet sine utgifter til eksterne kjøp. Dette kjem i tillegg til at det i samband med revidert

nasjonalbudsjett 2017 blei løyvd 15,0 mill. kroner til særskilte kostnader til planlegging og gjennomføring av tiltak for å slå ned CWD, jf. Innst. 401 S (2016–2017). Samtidig gjer lågare etterspurnad enn venta etter Mattilsynets gebyrpliktige ytingar at utgiftene blir reduserte med 2 mill. kroner. Difor foreslår departementet ein auke i løyvinga over kap. 1115, post 01 på 8,5 mill. kroner.

##### *Post 71 Tilskott til erstatningar*

Mattilsynet har hatt høgare utgifter enn budsjettet til tilskott til erstatningar etter dyrevelferdslova § 4. Departementet foreslår difor å auke løyvinga over kap. 1115, post 71 med 2,0 mill. kroner.

#### Kap. 4115 Mattilsynet

##### *Post 01 Gebyr m.m.*

I følgje oppdaterte prognosar vil gebyrinntektene til Mattilsynet for 2017 bli på om lag 183,3 mill. kroner. Dette er 10 mill. kroner lågare enn budsjettet. Mindreinntekta skuldast i hovudsak lågare inntekt frå det nye gebyret på tilsyn med fiskehelse og -velferd på grunn av seinare fastsetting av forskrift enn det som var lagt til grunn. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga over kap. 4115, post 01 med 10,0 mill. kroner.

**Kap. 1142 Landbruksdirektoratet***Post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 500 000 kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1142, post 80. Meirbehovet er i hovudsak knytt til fjerning av eit ulovleg oppsett gjerde i Aust-Finnmark reinbeiteområde.

*Post 72 Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite*

Løyvinga er ei overslagsløyving. Departementet foreslår å auke løyvinga med 165 000 kroner. Meirbehovet er knytt til utbetaling av beiteleige til Trollheimen/ Igelfjellet Reinbeiteforening.

*Post 73 Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon*

Løyvinga er ei overslagsløyving. I følgje dei siste prognosane vil det vere behov for å auke løyvinga med om lag 20 mill. kroner knytt til erstatningar for nedslakting av dyr etter utbrott av MRSA og destruering av prydplanter og tomatar etter skader frå planteskadegjerarar. Departementet foreslår difor å auka løyvinga over kap. 1142, post 73 med 20,0 mill. kroner.

*Post 80 Radioaktivitetstiltak*

Departementet foreslår å redusere løyvinga over kap. 1142, post 80 med 500 000 kroner, mot ein tilsvarende auke under kap. 1142, post 71.

**Kap. 1148 Naturskade – erstatningar***Post 71 Naturskade, erstatningar*

Løyvinga er ei overslagsløyving. Løyvinga for 2017 er på 169 mill. kroner. Tilsegn om erstatning for naturskadar blir gitt med ein frist for oppretting innan 3 år. Utbetaling av erstatning skjer først når skaden er retta opp. Det er difor knytt ei tilsegnsmakt til posten, som for 2017 er på 40,5 mill. kroner.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalingar i 2017 og for tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2017, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 44 mill. kroner, og å auke tilsegnsmakta med 38,5 mill. kroner, til 79 mill. kroner.

**Kap. 1149 Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket***Post 71 Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket*

Løyvinga for 2017 er på 107,1 mill. kroner. Tilsegn om tilskott til tømmerkaier og skogsvegar blir gitt med ein frist for gjennomføring. Det kan ta noko tid før prosjekta blir ferdige og tilskotta blir betalte ut. Det er difor knytt ei tilsegnsmakt til posten, som for 2017 er på 75,0 mill. kroner.

På bakgrunn av oppdaterte prognosar for utbetalingar i 2017, og tilsegn som ikkje er innfridde per 31.12.2017, foreslår departementet å redusere løyvinga på posten med 26,1 mill. kroner, og å auke tilsegnsmakta med 26,1 mill. kroner, til 101,1 mill. kroner.

**Kap. 1150 Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.***Post 73 Pristilskott*

Løyvinga på posten er på 3 303,5 mill. kroner. På bakgrunn av oppdaterte prognosar ligg det an til eit meirforbruk på posten tilsvarende 127,3 mill. kroner. Av dette utgjer meirforbruk til prisnedskrivning av norsk matkorn 77,8 mill. kroner. For kjøtt og for matkorn er det registrert auka volum som gir auka tilskott. Auka volum gir òg auka frakttilskott.

Departementet foreslår å auke løyvinga på posten med 127,3 mill. kroner. Det gir ei samla løyving over posten på 3 430,9 mill. kroner.

**Kap. 1151 Til gjennomføring av reindriftsavtalen***Post 51 Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet*

I tråd med omtale under kap. 1151, post 75 og post 79, foreslår departementet å redusere løyvinga over kap. 1151, post 51 med 3,0 mill. kroner.

*Post 75 Kostnadssenkande og direkte tilskott*

Departementet foreslår å auke løyvinga over kap. 1151, post 75 med 2,8 mill. kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1151, post 51. Meirforbruket er i hovudsak knytt til eit stort slakteuttak og ein betydeleg auke av prisen til reineigar. Auka marknadsretting og pris til reineigar inneber auka utbetalingar av dei produksjonsavhengige tilskotta.

*Post 79 Velferdsordningar*

Departementet foreslår å auke løyvinga over kap. 1151, post 79 med 200 000 kroner, mot tilsvarende reduksjon på kap. 1151, post 51. Meirforbruket skuldast auka utbetalingar av tilskott for å finansiere leige av avløyssarar ved svangerskap/fødsel.

**Kap. 4162 Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap***Post 90 Avdrag på lån*

På posten blir det ført inntekter frå det statlege lånet Statskog SF fekk ved kjøpet av Borregaard Skoger AS, jf. Prop. 11 S (2010–2011). Gjeldande budsjett for 2017 inneber et låneavdrag på 25 mill. kroner. Styret i Statskog SF har vedteke å betale 75 mill. kroner i avdrag på lånet i 2017. Departementet foreslår difor å auka løyvinga over kap. 4162, post 90 med 50,0 mill. kroner.

**Kap. 5651 Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet***Post 85 Utbytte*

Det er ikkje løyvd midlar over posten for 2017. På generalforsamlinga i Kimen Såvarelaboratoriet AS blei det vedteke utbytte til aksjonærane pålydande til saman 400 000 kroner i 2017. Ettersom staten eig 51 prosent av aksjane, har Kimen Såvarelaboratoriet AS vedtatt å betale inn 204 000 kroner til LMD som aksjeutbyte for 2016.

Departementet foreslår difor å auka løyvinga over kap. 5651, post 85 med 204 000 kroner.

**Kap. 5652 Statskog SF – renter og utbytte***Post 80 Renter*

På posten blir det ført renter frå det statlege lånet Statskog SF fekk i forbindelse med kjøpet av Borregaard Skoger AS, jf. Prop. 11 S (2010–2011). Renta blir fastsett årleg med utgangspunkt i pengemarknadsrenta og et risikotillegg i tråd med avtale med Statskog SF. Det er forventat at føretaket vil innbetale 1,75 mill. kroner i 2017. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga over kap. 5652, post 80 med 1,05 mill. kroner.

**3 Andre saker***Avvikling av ITAS Eierdrift AS*

Departementet foreslår ein fullmakt til å avvikle selskapet ITAS Eierdrift AS. Det er eigd av Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og Veterinærinstituttet under Landbruks- og matdepartementet og Norges miljø- og biovitenskapelige universitet (NMBU) under Kunnskapsdepartementet. Selskapet blei etablert i 2009 for å yte tenester til eigarane, men vil frå 2018 ikkje lenger ha kundar eller inntekter som følgje av at eigarane nyttar andre leverandørar.

*Teljing av rein i Nordland og Troms*

Opplysningar om dei reelle reintala til distrikta er avgjerande for å leggje til rette for ei økologisk berekraftig utnytting av beiteressursane. Etter fleire års teljing av rein i Finnmark, vurderer Landbruksdirektoratet at behovet for teljing no er størst i Nordland og Troms reinbeiteområde. Kap. 1142, post 71 Omstillingstiltak i Indre Finnmark gjeld i utgangspunktet Indre Finnmark, men departementet legg opp til å nytte noko av løyvinga på tiltak i Troms og Nordland.

Landbruks- og matdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet m.m.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet m.m. i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2017 under Landbruks- og matdepartementet m.m.

## I

I statsbudsjettet for 2017 blir det gjort følgjande endringer:

## Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1115		Mattilsynet	
	01	Driftsutgifter, blir auka med .....	8 500 000
		frå kr 1 356 484 000 til kr 1 364 984 000	
	71	Tilskott til erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 4 200 000 til kr 6 200 000	
1142		Landbruksdirektoratet	
	71	Omstillingstiltak i Indre Finnmark, <i>kan overførast</i> , blir auka med .....	500 000
		frå kr 2 300 000 til kr 2 800 000	
	72	Erstatningar ved ekspropriasjon og leige av rett til reinbeite, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	165 000
		frå kr 302 000 til kr 467 000	
	73	Tilskott til erstatningar mv. etter offentlege pålegg i plante- og husdyrproduksjon, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	20 000 000
		frå kr 55 610 000 til kr 75 610 000	
	80	Radioaktivitetstiltak, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	500 000
		frå kr 500 000 til kr 0	
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar, <i>overslagsløyving</i> , blir redusert med .....	44 000 000
		frå kr 169 000 000 til kr 125 000 000	
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	26 100 000
		frå kr 107 070 000 til kr 80 970 000	
1150		Til gjennomføring av jordbruksavtalen m.m.	
	73	Pristilskott, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med .....	127 340 000
		frå kr 3 303 535 000 til kr 3 430 875 000	

Kap.	Post	Nemning	Kroner
1151		Til gjennomføring av reindriftsavtalen	
	51	Tilskott til Utviklings- og investeringsfondet, blir redusert med..... frå kr 22 500 000 til kr 19 500 000	3 000 000
	75	Kostnadssenkande og direkte tilskott, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 85 550 000 til kr 88 350 000	2 800 000
	79	Velferdsordningar, <i>kan overførast</i> , blir auka med..... frå kr 2 250 000 til kr 2 450 000	200 000

## Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner
4100		Landbruks- og matdepartementet	
	01	Refusjonar m.m., blir redusert med..... frå kr 117 000 til kr 27 000	90 000
4115		Mattilsynet	
	01	Gebyr m.m., blir redusert med.....	10 000 000
		frå kr 193 293 000 til kr 183 293 000	
4162		Statskog SF – forvaltning av statleg eigarskap	
	90	Avdrag på lån, blir auka med.....	50 000 000
		frå kr 25 000 000 til kr 75 000 000	
5651		Aksjar i selskap under Landbruks- og matdepartementet	
	85	Utbytte, blir auka med.....	204 000
		frå kr 0 til kr 204 000	
5652		Statskog SF – renter og utbytte	
	80	Renter, blir redusert med.....	1 050 000
		frå kr 2 800 000 til kr 1 750 000	

*Fullmakt til å pådra staten forpliktingar ut over gitte løyvingar*

## II

## Tilsegnfullmakter

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2017 kan gi tilsegn om tilskott utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye tilsegn og gammalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1148		Naturskade – erstatningar	
	71	Naturskade, erstatningar	79,0 mill. kroner
1149		Verdiskapings- og utviklingstiltak i skogbruket	
	71	Tilskott til verdiskapingstiltak i skogbruket, kan overførast	101,1 mill. kroner

*Andre saker*

## III

## Fullmakt til å avvikle statlege selskap

Stortinget samtykkjer i at Landbruks- og matdepartementet i 2017 kan gi Norsk institutt for bioøkonomi og Veterinærinstituttet fullmakt til å avvikle ITAS Eierdrift AS.

---



---

